

Sak 4: Rekneskap 2018 og Budsjett 2019 – status ved IF november 2018

Denne saka gjev ei kortfatta framstilling av økonomien ved Institutt for framandspråk mot slutten av rekneskapsåret 2018. Først er det ein kort gjennomgang av driftsbudsjettet ved instituttet (annuum), så litt om dei interne prosjekta ved instituttet og til slutt eit stutt oversyn over dei eksternfinansierte prosjekta. Løn til dei faste stillingane ved instituttet går av fakultetet sitt budsjett, med nokre få unntak, og er ikkje inkludert i denne saka.

Instituttleiinga vil leggja fram rekneskap for 2018 og budsjett for 2019 på første rådsmøte i det nye året så sant vi har fått tilstrekkeleg grunnlagsmateriale frå fakultetet.

1. Driftsbudsjettet ved instituttet: annuum

Annuum disponerer vi sjølve ved instituttet. Pengane går til vikarar og timelærarar, it-utstyr, møblar, inventar, telefon, bøker, hms-tiltak, tilstellingar, kurs, støtte til forskning og publisering mm. I hovudsak er det to faktorar som bestemmer kor stort annuomet vårt er: for det første løyvinga frå fakultetet, som er basert på resultatane våre innan utdanning og forskning to år tilbake i tid, og for det andre overskotet instituttet får tilført frå eksternfinansierte prosjekt. Pengane vi har på annuum må brukast innan året er omme.

Økonomi GB
Hittil i år
November 2018


☒ GB
☐ BOA
☐ Totalt

Ansvarssted	Område	Underområde	I/K	Artsklasse	Overføring	Årsbudsjett	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik hittil i år
1120	GB	GA	Innt.	3 Inntekt..		0	0	-331 780	331 780
Institutt for fremmedspr..				Sum		0	0	-331 780	331 780
			Kostn.	4 Varek.		280 000	240 800	325 762	-84 962
				5 Lønn		2 368 040	1 387 100	2 563 926	-1 176 826
				6-7 Adk.		3 615 260	3 098 300	1 643 722	1 454 578
				8-9 Annet		-1 409 300	-1 196 100	-1 168 506	-27 594
				Sum		4 854 000	3 530 100	3 364 904	165 196
			Sum			4 854 000	3 530 100	3 033 124	496 976
			Sum			4 854 000	3 530 100	3 033 124	496 976
Sum total						4 854 000	3 530 100	3 033 124	496 976

Tabellen over viser utgiftene på annuum ved IF per 22. november 2018

Instituttet hadde eit overskot i 2017, og det vil vi òg få i 2018. Sjølv om det normalt går ut mykje pengar på slutten av året, og sjølv om det ved årsslutt òg skal trekkast ut sosiale kostnader (estimert til bortimot 800 000), vil instituttet gå ut av 2018 med eit overskot. Fakultetet har som politikk at eit institutt berre får overføra maksimum fem prosent av den samla tildelinga til neste år. IF vil dermed kunna overføra i underkant av 250 000 kroner til 2019. Dersom instituttet går ut av 2018 med ein halv million i overskot, vil altså halvparten kunna overførast, og resten bli trekt inn av fakultetet. Blir overskotet høgare enn ein halv million, noko som er sannsynleg, vil summen fakultetet trekkjer inn, bli tilsvarande større.

INNTEKTER TIL ANNUUM VED IF 2019



Estimata over byggjer på tal frå fakultetet, presentert i leiarmøte 20. november 2018

Diagrammet ovanfor viser inntektene instituttet kan forventa å disponera i 2019 (i overkant av 5.5 millionar). Fleire av summene som ligg til grunn, er på dette stadiet omtrentlege, men dei gjev likevel eit realistisk bilete. Den resultatbaserte løyvinga frå utdanning og forskning utgjer til saman 2.7 millionar av dei forventa tildelingane, og løyvinga til programsensur er på knappe 200 000 – begge delar er om lag som i 2018. Visse tilleggsløyvingar vil vi alltid få, m.a. delfinansiering av Fulbright-ordninga, kompensasjon ved sjukefråvær og fødselspermisjonar og støtte til mindre enkelttiltak. Dette talet har vi estimert til 500 000 kroner. Hadde vi berre hatt desse løyvingane, ville vi slite med å få den daglege drifta ved instituttet til å gå rundt. Men her kjem altså BOA-inntektene inn. Fakultetet anslår at IF vil få nesten 2.3 millionar i inntekter frå eksternfinansierte prosjekt (BOA) til neste år. Talet må justerast ned til 1.9 millionar kroner sidan fakultetet har inkludert eit større frikjøp der midlane vil koma inn på Nettspansk-prosjektet og ikkje til annuum. Instituttet har uansett neppe hatt så store BOA-inntekter noko år tidlegare. Mesteparten av summen (1.4 millionar) skriv seg frå Dei nasjonale prøvane i engelsk med underprosjekt. I tillegg kjem det òg inn litt frå m.a. Aldringsprosjektet (NFR) og Kompetanse for kvalitet. Desse inntektene ikkje berre bergar driftsbudsjettet ved instituttet, dei gjev oss eit solid overskot.

Spørsmålet er korleis vi skal bruka dette overskotet best mogleg. Mange vil kanskje peika på behovet for å styrka undervisninga ved faga og samstundes avlasta fast tilsette. Problemet her er at vi må ha lovheimel for å henta inn vikarar og mellombels tilsette, og det er uttalt politikk ved UiB å redusera bruken av mellombelse (bortsett frå stipendiatar og postdoktorar). Tilsetjing i faste del-stillingar er mogleg å få til i nokre tilfelle, men økonomisk sett kan dette vera risikabelt fordi det bind driftsbudsjettet opp i faste utgifter i mange år framover. Ei mellomløysing som instituttleiinga vil trekkja fram, er å tilsetja i attåtstillingar (20-prosent) over to til tre år. Desse stillingane er juridisk uproblematisk. I tillegg vil det vera rom for ei offensiv satsing på støtte til gode forskings- og publiseringføremål.

Med så store, og til dels ekstraordinære, prosjekthinntekter, ville det vore ein stor fordel for instituttet om vi fekk overføra meir midlar – og helst heile overskotet – frå eitt år til neste. Då ville vi kunna planleggja pengebruken meir langsiktig. Instituttet har teke opp spørsmålet om overføring av midlar med fakultetet fleire gonger, m.a. i styringsdialogen 13. november i år, men utan å få nokon lovnad

om ny praksis på feltet. Dei strenge reglane for overføring av midlar til neste år blir ekstra problematiske i tilfelle der vi får informasjon om enkelte inntekter først eit godt stykke ut i året.

2. Driftsbudsjettet ved instituttet: interne prosjekt

Økonomien i dei interne prosjekta er styrt av instituttet, men desse pengane er øyremerkte og kan ikkje brukast fritt slik som midlane på annuum. Dei viktigaste prosjekta fell inn i tre hovudkategoriar: vidareutdanninga ved instituttet, stipendiatane sine driftsmidlar og smådriftsmidlane. Overskot og underskot blir normalt overført frå år til år heilt til prosjektet vert avslutta (gjeld ikkje smådriftsmidlane).

Stipendiatane har til ei kvar tid ganske store ubrukte summar ståande. Ikkje alle brukar opp desse midlane før stipendperioden er over, og pengane blir i så fall trekte inn til fakultetet.

Smådriftsmidlane kan ikkje overførast til neste år, og i år ser mesteparten av midlane ut til å bli brukt opp. Når det gjeld etter- og vidareutdanninga ved instituttet, står det framleis att ein del overføringar før vi har ei skikkeleg fordeling av utgiftene mellom dei ulike prosjekta. Vi reknar med å ha eit skikkeleg oversyn over dei ulike prosjekta i desember.

3. Eksternfinansierte prosjekt

Dette er prosjekt som baserer seg på ekstern finansiering, gjerne frå EU, NFR, Utdanningsdirektoratet eller andre. Midlane blir overførte frå år til år så lenge prosjektet varer.

Av aktive prosjekt hausten 2018, er dette dei største ved IF:

- Dei nasjonale prøvane i engelsk (Utdanningsdirektoratet), samla løyving: 16 800 000 kroner
- Dei læringsstøttande prøvane i engelsk (Utdanningsdirektoratet), samla løyving: 6 450 000 kroner
- Kartleggingsprøvane i engelsk (Utdanningsdirektoratet), samla løyving: 2 230 000 kroner
- Aldringsprosjektet (NFR), samla løyving: 8 852 000

Instituttet arbeider målretta med å sikra fleire eksternfinansierte prosjekt. I 2019 startar NORCAM-prosjektet opp, eit utdanningssamarbeid mellom Kamerun og UiB. Prosjektet har sjølv sagt stor fagleg verdi, men det vil ikkje tilføra driftsbudsjettet ved instituttet nemneverdige midlar.

Framlegg til vedtak: Instituttrådet tek orienteringa om instituttøkonomien til vitende.